



Jan Audun Sagstad  
Indre Sagstad 47  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1612 - 17/16142

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
04.09.2017

## Godkjenning av statstilskot til grøfting 2017 på GBNR 19/3 og 45 på Sagstad

**Administrativt vedtak. Saknr: 234/2017**

### Saksutgreiing:

Jan Audun Sagstad søker statleg tilskot til drenering av jordbruksaral på GBNR 19/3 og 45. søkjær driv foretaket 884129702 på Sagstad, der han driv kjøttproduksjon på storfe. Søknaden er motteke 11.06.2017 og omfattar eit areal på 28,5 daa. Arealet var tidlegare grøfta rundt 1990, men aukande nedbørsmengde dei siste åra har medført behov for å auka dimensjonen på grøfterøra frå 2,5 til 4tommar. Det er planlagt 600 meter med lukka grøfter, dei er om lag 70 cm djupe og det skal brukast 14 m<sup>3</sup> med 16/32 grus pr. 100 meter grøft. Utløp er i eksisterande elv. Arbeidet er planlagt utført haust 2017. Søkjær har i si miljøvurdering av tiltaket opplyst at han ikkje kjenner til at det vil ha negative konsekvensar for kulturminne, naturmangfold, auka flaumfare, erosjon eller påverka naboreal eller allmenta sine interesser.

I området Sagstad – Fosse er det gjort fleire funn av automatisk freda kulturminne og søknaden vart difor sendt på høyring til kulturminnestyresmaktene 04.07.17. Hordaland fylkeskommune har i brev datert 06.07.17 gitt følgjande uttale til tiltaket. *Vi har i dag ikke kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdig kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. I nærområde er det kjend ei rekke gravminne frå jernalder. Det aktuelle arealet har difor potensial for funn av automatisk freda kulturminne.*

*Tiltaket sin karakter gjer at Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlige merknader til søknaden, men vi ber tiltakshavar om å ta kontakt med arkeolog Monika Serafinska v/Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune når gravearbeidet er i gang og før grøftene er fylt igjen. Vi vil då vurdere om det er naudsynt med ei synfaring på staden for å sjekke grøftene for eventuelle funn.*

*Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.*

Kommunen har oversendt brevet frå fylkeskonservatoren til søkjær.

Saka er handsama etter delegert mynde frå kommunestyret. Kommunen avgjer søknade, men fylkesmannen står for utbetaling av tilskotet. I jordbruksoppgjeren 2017 vart partane samde om å auka tilskotet til kr. 30 pr. lm for usystematisk grøfting. Kommunen hadde motteke søknaden før fristen 1. juli, men ikkje handsama den. Søknaden vert difor løyvd med dei nye satsane.

### **Vurdering**

Tiltaket vil gje ei generell forbetring av jord- og plantekultur, noko som kan gje større avlingar av betre kvalitet. Drenering vil kunne gje betre utnytting av gjødsel, samt mindre avrenning av næringssalt og redusert utslepp av klimagassar. Tiltaket har positivt effekt på kulturlandskapet, då areal som er godt driven gjev betre opplevingskvalitet enn vassjuke areal .

### **Berekning av tilskot**

Det er søkt om tilskot til 600 meter usystematisk grøfting a kr 30 pr. lm sum kr. 18 000. Arealet som vert omfatta av grøftinga er på 28,5 daa. Sum tilskot kr. 18 000,-

### **Kulturminne**

Søknaden har vore på høyring hjå fylkeskommunen og det er ikkje registrert konfliktar med kjente kulturminne. Sidan dette er eit område som har potensiale for funn må søkjær ta kontakt med fylkeskommunen når arbeidet startar, så vil dei vurdera å synfara arealet.

### **Naturmangfaldlova**

Det er gjort søk i Naturbasen og det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar, som kjem i konflikt med dreneringa. På eit nabobruk er det registrert observasjon av åkerrikse i 2016, dette er ein trua fugleart som er avhengig av jordbruksareal for å hekka. Avstanden frå grøfting til observasjonane er mellom 50-100 meter og meir, og grøftinga skal foregå på ei tid på året då hekkinga er ferdig og fuglen mest sannsynleg er trekt tilbake til Afrika. Utfrå dette ser ikkje kommunen at grøftinga vil medføra skade på viktige naturverdiar. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst for å vurdera konsekvensar dreneringa med tanke på naturverdiar. Administrasjonen kan ikkje sjå at dreneringa vil ha andre negative verknader.

Generelt gjeldt det at alle inngrep som blir gjort i samband med dreneringa, skal utførast mest mogleg varsamt og med omsyn til terregn og vegetasjon. Ut frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynte omsyn til naturmangfaldet jf §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

### **Konklusjon**

Drenering er eit viktig klima- og miljøtiltak, og tiltaket vil gje lettare arbeidstilhøve og større avling av betre kvalitet. Det er ikkje registrert at tiltaket kjem i konflikt med viktige kultur- og naturverdiar.

Administrasjonen meiner tiltaket er i tråd med føremålet til forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord og løyver kr. 18 000,-i statstilskot til tiltaket

### Vedtak

Meland kommune løyver inntil kr 18 000 i statstilskot til inntil 600 meter grøfting til Jan Audun Sagstad på gnr. 19, bnr.3 og 45 i tråd med søknad motteke 11.06.2017.

Arbeidsfrist er sett til 01.09.2020

Vedtaket har heimel i forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord § 5 jf §3. Forskrift om produksjonstilskot §4 og naturmangfaldlova §§ 8-12.

Generelle vilkår for løyvinga:

Dersom ein under gjennomføring av tiltaket støyter på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og regionalt kulturminneforvaltning kontaktast.

Før utbetaling må søker ha teikna grøftetraseane inn på kart. Arbeidet skal godkjennast av kommunen, og minst 30 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket er ferdig.

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtte kan Meland kommune avgjera att tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis.

Kommunen skal godkjenna arbeide, gje difor melding til kommunen når arbeidet er ferdig.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbruksjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

**Vedlegg:**

Søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord GBNR 19/3, 19/45

Miljøvurdering av drenering

Plan for drenering

Gårdskart

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

**Mottakere:**

Jan Audun Sagstad

Indre Sagstad 47      5918

FREKHAUG